



NVE

STATKRAFT ENERGI AS
Postboks 200 Lilleaker
0216 OSLO

Vår dato: 17.04.2026

Vår ref.: 202604458-4 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

NVE gir løyve til mellombels fråvik frå minstevassføring nedstraums Makkoren kraftverk i Høyanger kommune, Vestland fylke

Vi viser til søknad av 19.02.2026 om løyve til mellombels fråvik frå minstevassføring nedstraums Makkoren kraftverk. Minstevassføringsslipp i Makkoren inneberer eit slipp på 250 l/s. Først i brevet finn du NVE sitt vedtak med tilhøyrande vilkår. Deretter kan du lese om tiltaket og NVE si grunngiving for vedtaket.

NVE sitt vedtak

NVE gir løyve til at Statkraft Energi AS kan fråvike frå minstevassføring på inntil 6 ukar i perioden 01.05.2026 til 15.07.2026.

Løyvet er gitt i medhald av vassressurslova § 8.

NVE stiller følgjande vilkår

- Alle vasstands-/vassføringssendringar skal skje gradvis slik at stranding av fisk og andre vasslevande organismar blir minimerte eller unngått så langt det er mogleg.
- Når vassslippet opphøyrer, skal det vere personell i felt som samlar opp fisk som blir ståande att i kulpar, og flyttar fisken til vassføring nedstraums.
- Det skal førast protokoll over tidsperioden med fråfall av minstevassføring frå Makkoren kraftverk. Perioden med fråfall av minstevassføring skal gjerast så kort som mogleg.
- Ramma partar skal kontaktast direkte for å bli informerte om tiltaket. Informasjon om tiltaket skal i tillegg publiserast på relevante nettsider, som nettsida til selskapet og sosiale medium.
- Vi ber om at Statkraft Energi AS kontaktar kommunen for å leggje ut informasjon om tiltaket på nettsidene til kommunen.
- Det skal meldast frå til NVE på nve@nve.no når tiltaket er avslutta. Oppgje saksnummer 202604458 i emnefeltet.

Høve til å klage

Vedtaket kan klagast på. Sjå opplysningar om rett til å klage på siste side.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett:

www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Om søknaden

Statkraft Energi AS har søkt om fråvik frå slipp av minstevassføring på 250 l/s i ein periode på inntil seks veker mellom 01.05.2026 til 15.07.2026.

Makkoren kraftverk vart sett i drift i 2012 og er ei erstatning for det gamle K4-kraftverket i Høyanger. Kraftverket har ein installert effekt på 4 MW. NVE vurderte i vedtak av 18.08.2005 at dei allmenne interessene ikkje vart råka i slik grad at tiltaket utløyste konsesjonsplikt. Det vart installert ein forbislippingsventil i kraftverket som sikrar minst 250 l/s i minstevassføring.

Minstevassføringa på 250 l/s nedstraums Makkoren kraftverk blei lagt til grunn som ei forutsetning når NVE vurderte konsesjonsplikta for utviding av anlegget i vedtak av 18.8.2005.

Bakgrunnen for søknaden er akkumulering av lausmassar og difor nødvendig reinsing av tilløpstunnelen frå Norddalsvatn. Arbeidet inneber at vassvegen må tømmast for å gjennomføre nødvendig reinsing av tilløpstunnelen frå Norddalsvatn, og minstevassføringa kan difor ikkje oppretthaldast gjennom kraftverket i denne perioden. For å delvis oppretthalde vassføringa er det planlagt å sleppe tilsvarende vassmengd frå ein ventil i sperredammen på Norddalsvatn. Vatnet renn inn i bekken om lag 300 meter nedstraums slippunktet ved Makkoren kraftverk for å sikre minstevassføring på den nedste delen av strekninga. Tiltaket må gjennomførast i sommarhalvåret på grunn av tilkomst via anleggsveg. Tiltaket vil bli utsett dersom den samla vasshushaldninga i området tilseier risiko for vassforsyninga til Eiriksdal kraftverk.

Høyring

På grunn av det avgrensa omfanget i saka har ho ikkje vore kunngjort lokalt. NVE har vore i kontakt med lokale styresmakter for å få deira syn på saka, og meiner at ho er tilstrekkeleg belyst gjennom dette.

Høyanger kommune uttaler i e-post av 31.03.2026:

(...)

Høyanger kommune har vurdert mellombels dispensasjon frå kravet om minstevassføring på 250 l/s i samband med rensking av tilløpstunnelen ved Makkoren kraftverk.

Kommunen har forståing for behovet for vedlikehald for å sikre drift og førebygge skade på anlegget. Samstundes er det viktig å avgrense negative konsekvensar for naturmiljøet i den berørte vassdragstrekninga.

Kommunen vil peike på følgjande vilkår og tilrådingar:

- *Nedtapping av vassføringa må skje gradvis og kontrollert for å redusere risiko for stranding av fisk og yngel.*
- *Det må vere aktivt oppsyn i samband med nedtrapping av vassføringa, med særleg merksemd på fisk i utsette parti.*



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

- *Det bør vurderast avbøtande tiltak dersom det blir observert fisk som står i fare for å bli ståande att (til dømes manuell flytting).*

Vestland fylkeskommune uttalar i brev av 10.04.2026:

(...)

Samandrag av innspel

Det er ingen merknadar til friluftsliv. Tiltaket kan påverke oppvekstvilkåra for fisk noko, men vil ikkje påverke gytinga og er ikkje venta å endre økologisk tilstand i vassdraget. Det ligg difor ingen avgjerande vassmiljøfaglege merknadar.

(..)

Faglege vurderingar

Friluftsliv og rekreasjon Vi har ingen merknadar m.o.t. friluftsliv. Vassmiljø Høgsvatnet og Makkoren vart undersøkt i 2020 og bestandsstatusen for fisken i Høgsvatnet var då vurdert til tett bestand av middels stor fisk (Faun rapport 014 – 2020). Gyte og oppvekststilhøva til vatnet vart også i denne undersøkinga vurdert som gode i både Makkoren og i innløpet frå Blankavatnet. Det omsøkte tiltaket vil truleg gjere oppvekstvilkåra noko dårlegare, men sidan tiltaket vert gjennomført på våren/sommaren, vil det ikkje gå utover gytinga dette året. Det er positivt at det vert slept vatn gjennom overløpet frå Norddalsvatnet i tiltaksperioden. Tiltaket vil heller ikkje etter vår vurdering endre på den økologiske tilstanden i vassdraget etter vassforskrifta.

Ut over dette har vi ikkje avgjerande vassmiljøfaglege merknadar.

Statsforvaltaren i Vestland uttalar i brev av 11.03.2026:

(...)

Vi viser til høyringa av søknaden frå Statkraft om å avvike frå manøvreringsreglementet for Makkoren kraftverk. Vi kjem berre med ei forenkla fråsegn.

Føremålet er å kunne gjennomføre nødvendig vedlikehald, og tiltaket har dermed stor samfunnsverdi. Naturmiljøet er omtalt og vurdert i planen, og det er planlagt å sleppe vatn som vil sikre vassføringa på nedre om lag to tredelar av utløpselva. Vassføringa på anadrom strekning lenger nede i vassdraget vil ikkje bli påverka.

Statsforvaltaren då legg til grunn at naturmiljøet vil bli ivareteke så godt som råd i saka, og i tråd med miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 – 12.

NVE si vurdering

NVE kan gi løyve til å fråvike minstevassføring etter vassressurslova § 8 når formålet er nødvendig reparasjons- og vedlikehaldsarbeid. Tiltaket fell etter vårt syn inn under dette formålet.



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

NVE merkar seg at Høyanger kommune, Vestland fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestland ikkje har innvendingar mot det mellombelse fråviket frå minstevassføring. Høyanger kommune understrekar at nedtappinga må skje gradvis og kontrollert, med aktivt oppsyn og vurdering av avbøtande tiltak for å redusere risiko for stranding av fisk. Vestland fylkeskommune har ingen merknadar til friluftsliv, men vurderer at tiltaket kan påverke oppvekstvilkåra for fisk noko, men ikkje gytinga, og at det ikkje er venta å endre økologisk tilstand i vassdraget. Statsforvaltaren legg til grunn at dei planlagde tiltaka vil sikre vassføring på nedre delar av utløpselva og at tiltaket ikkje vil påverka anadrom strekning.

NVE legg til grunn at vassføringa på nedre del av strekninga blir sikra ved slipp av vatn frå ventilen i sperredammen på Norddalsvatn. Når vasslippet blir trappa ned og opphøyrer øvst, kan yngel og ungfisk strande i grunne parti og kulpar. Gradvis og kontrollert nedtrapping reduserer risikoen for stranding av fisk. NVE stiller difor vilkår om synfaring når vasslippet opphøyrer, slik at fisk som blir ståande att kan samlast opp og flyttast nedstraums til strekning med vassføring.

NVE har gjort søk i Naturbase og Artskart den 07.04.2026. Det er ikkje registrert raudlista artar eller naturtypar i nærleik til området. NVE meiner at vurderingane er i tråd med prinsippa i naturmangfaldlova som skal varetakast når vedtak treffest, jf. naturmangfaldlova §§ 8-12. NVE vil i samband med dette påpeike at tiltaket er mellombels og at det er naudsynt for sikker drift av anlegget. NVE kan heller ikkje sjå at tiltaket er i strid med forvaltningsmålet for artar eller økosystem, jf. naturmangfaldlova §§ 4 og 5.

NVE sin oppsummering og konklusjon

NVE vurderer at tiltaket, sett i lys av vassføringa på dei nedre delane av bekken, tidspunktet og varigheita av tiltaket, ikkje vil påverke miljøet eller andre allmenne interesser i vesentleg grad.

NVE gir løyve etter vassressurslova § 8 til at Statkraft Energi AS kan fråvike minstevassføring nedstraums Makkoren kraftverk i tidsrommet frå 01.05.2026 til 15.07.2026. Tiltaket er naudsynt for å kunne utføre vedlikehaldsarbeid.

Med helsing

Oscar Østvold

fagleiar

Charlotte Bøhm

rådgjevar

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Mottakarliste:

STATKRAFT ENERGI AS

Kopimottakarliste:

HØYANGER KOMMUNE

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

VESTLAND FYLKESKOMMUNE

**NVE**Norges vassdrags-
og energidirektorat

Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: • Skrive kva for vedtak du klagar på. • Skrive kva for eit resultat du ønsker. • Opplyse om du klagar innanfor fristen. • Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klagt på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av Energidepartementet (ED) som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller ED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekkar vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.
Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til ED, men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no. NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til ED.
Du kan be om avgjerd om utsett iverksetjing av vedtaket	Du kan be om avgjerd om at vedtaket ikkje skal setjast i verk før klagefristen er ute eller klagt er avgjort. Klage på vedtak om samtykke til ekspropriasjon har utsetjande verknad, med mindre det er gjort vedtak om noko anna.

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32, 36 og 42.